

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.03. 2013
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda mars 2013**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 061/13 B

Styremøte 15.05. 2013

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. mars 2013 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per mars 2013 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 68 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 77 dagar. Ventetida for behandla har gått litt ned den seinaste månaden, medan ventetida for ventande har vore stabil. Prosentdelen ventetider som er oppdatert dei seinaste fire vekene på nettstaden fritt sjukehusval blir rapportert for første gong i denne rapporteringa. Tala viser at utviklinga har vore positiv heilt frå april 2010 og fram til og med mars 2013, og særleg dei tre første månadene av 2013 har resultata vore gode.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er lågare enn til same tid i 2012, både for innlagde dag- og døgnpasientar og for poliklinisk behandling. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner og lågare aktivitetsnivå innan BUP og PH for vaksne samanlikna med same tid i 2012, med unntak av poliklinisk behandling innan BUP. Ver merksam på at ulik dato for påskehelga i 2012 og 2013 kan påverke tala.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis høg (5 %), og har vore stabil samanlikna med førre månad. Helse Stavanger har framleis størst utfordringar knytt til korridorpatientar innan somatikken, medan Helse Bergen HF og Helse Fonna HF har hatt ein nedgang i tala dei seinaste månadane. Innan psykisk helsevern har det vore ei markant stigning i talet korridorpatientar i Helse Stavanger HF dei siste månadane, medan Helse Bergen HF har hatt ein nedgang i februar og mars. Talet langtidsventande har auka svakt den seinaste månaden. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 76 % innan somatikken og 77 % innan psykisk helsevern i mars 2013.

Det økonomiske resultatet i mars er kr 64 mill som er kr 12,3 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er etter tre månader kr 144,2 mill som er kr 6,9 mill lågare enn budsjettet. Med unntak av Helse Stavanger melder føretaka ein prognose for året som er i tråd med budsjett.

Det er sett i verk rapportering på omstillingstiltak frå Helse Stavanger og Helse Fonna. For dei andre helseføretaka er risikoen vurdert å vere moderat og det er førebels ikkje vurdert som nødvendig å iversette rapportering på omstillingstiltak.

Samla investeringar per mars er på kr 274,6 mill. Dette utgjør omlag 16 % av forventede investeringsnivå i 2013. Netto likviditet ved utgangen av mars er på kr 872 mill. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Det er framleis god utvikling i arbeidet med å utvikla ein heiltidskultur. Måltallet om korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent >89,3% ligg fast. Analysane er ikkje klare ved skrivefrist. Styret vil bli presentert resultatet i styremøtet.

I perioden 1. januar til 31. mars 2013 vart det totalt fanga opp 2243 artiklar som omtalte føretaksgruppa Helse Vest. 408 av desse oppslaga omtalte Helse Vest RHF særskilt. Med omsyn til tendens var delen av både positive og negative, og færre nøytrale, saker størst i februar. Synlegheiten for Helse Vest RHF er relativt stabil, samanlikna med dei føregåande kvartala, men likevel noko høgare i februar og mars enn i dei føregåande månadane. Totalindeksen for omdømmeindikatoren er positiv, men er framleis innanfor indikortalet for relativt liten potensiell påverknad på omdømmet til Helse Vest.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. mars 2013.

Kommentarar

For å få ei god oppfølging av dei områda som har avvik frå målsettingane vil vi frå neste rapportering etablere eit eige avsnitt i den helsefaglege delen av rapporteringa som omtalar tiltak som er sett i verk. Målet er mindre tolking av tabellar og grafar, men heller ei kort beskriving av avvika og deretter kva ein

gjør med desse i form av konkrete tiltak. Denne omlegginga har teke noko lenger tid en forventat men er i tråd med vedtaket i styresak 020/13 i mars som omhandla endringar i rapporteringa frå verksemda.

1. Aktivitetsutvikling

For fyrste gong blir aktivitetstal frå det regionala datavarehuset nytta til å rapportere aktivitetsutviklinga og ikkje tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Denne omlegginga blei gjennomgått i styresak 02013. Biletet under syner aktivitetsutviklinga siste månad, akkumulert aktivitet hittil i år og akkumulert aktivitet hittil i år samanlikna med same periode førre år. Til denne rapporteringa har ein ikkje fått på plass helseføretaka sine eigne plantal, men dette er forventat på plass til neste rapportering. Ulik dato for påskehelga i 2012 (april) og 2013 (mars) vil nok påverke aktivitetstala i denne rapporteringa.

	Faktisk denne periode	Faktisk hittil i år	Resultat hittil i fjor	Endring frå i fjor	Endring frå i fjor %
SOMATIKK					
Døgnopphald	14 703	43 592	43 694	-102	-0,2 %
Dagopphald	5 594	17 496	18 574	-1 078	-5,8 %
Polikliniske konsultasjonar	67 229	221 461	231 102	-9 641	-4,2 %
Sum DRG-poeng	22 296	66 413	68 088	-1 675	-2,5 %
BUP					
Døgnopphald	72	195	235	-40	-17,0 %
Polikliniske konsultasjonar	10 094	32 487	32 014	473	1,5 %
Sum liggjedøgn i perioden	1 340	4 083	4 575	-492	-10,8 %
VOP					
Døgnopphald	715	2 183	2 186	-3	-0,1 %
Polikliniske konsultasjonar	15 577	49 850	53 257	-3 407	-6,4 %
Sum liggjedøgn i perioden	20 865	61 663	62 631	-968	-1,5 %

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det per utgangen av mars 2013 totalt var generert rett over 66 000 DRG-poeng ved dei fire helseføretaka, noko som er 2,5 prosent lågare enn til same tid i 2012. Av helseføretaka hadde berre Helse Førde HF høgare DRG-produksjon enn per mars 2012.

Talet døgnopphald hittil i år var på om lag 43 600, medan talet dagopphald var 17 500. For døgnopphald er aktivitetsnivået om lag som i 2012, medan aktiviteten er 5,8 % lågare for dagopphalda. Av helseføretaka har Helse Bergen HF og Helse Fonna HF ein litt høgare døgnaktivitet i 2013, medan det er Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF som har ein lågare dagaktivitet i 2013 samanlikna med 2012.

Talet polikliniske konsultasjonar låg ved utgangen av mars 2013 rett over 220 000, noko som er 4,2 % lågare enn i 2012. Ingen av helseføretaka har hatt eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2013 enn til same tid i 2012.

Psykisk helsevern for barn og unge

Talet avslutta døgnopphald per utgangen av mars 2013 var 195, noko som er 40 færre enn i 2012. I den same perioden er det generert nær 4 100 liggjedøgn, noko som er om lag 11 % lågare enn per mars 2012. Av dei fire helseføretaka er det berre Helse Stavanger HF som har hatt fleire avslutta døgnopphald enn i 2012, medan alle helseføretaka har generert færre liggjedøgn.

Ser ein på den polikliniske aktiviteten innan psykisk helsevern for barn og unge så syner dei innrapporterte tala at det er generert nær 32 500 konsultasjonar per mars 2013. Dette er om lag 500 fleire enn til same tid i 2012, noko som gir ein vekst på 1,5 %. Ser ein på utviklinga på helseføretaksnivå finn ein at Helse Bergen HF har den største veksten i konsultasjonar, medan Helse Stavanger ligg på om lag same nivå som i 2012. Helse Fonna HF og Helse Førde HF har generert færre konsultasjonar.

Psykisk helsevern for voksne

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for voksne ligg om lag på same nivå som per mars 2012 målt i talet på avslutta døgnopphald. Per mars 2013 var det generert nær 2 200 døgnopphald og differansen samanlikna 2012 var minimal. Av helseføretaka har Helse Bergen HF og Helse Fonna HF generert fleire avslutta døgnopphald enn til same tid i fjor. I same periode vart det generert om lag 61 700 liggjedøgn, noko som er om lag 1 000 færre enn per mars 2012 (-1,5 %). Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har hatt fleire liggjedøgn til no i 2013, samanlikna med same periode i 2012.


Til no i 2013 er det generert nær 50 000 polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for voksne ved helseføretaka i regionen. I 2012 var det tilsvarende talet rett over 53 200 konsultasjonar, noko som gir eit aktivitetsnivå som er 6,4 % lågare til no i 2013. Av helseføretaka har Helse Bergen HF hatt ein høgare aktivitet i 2013, medan dei tre andre ligg lågare til no i år.

2. Ventetidsutvikling

HFa i Helse Vest har jobba målretta med å redusere fristbrot og ventetider over lengre tid. For å gje fart til dette arbeidet er RHFet i samarbeid med HFa no i ferd med å sette saman ein pakke med ulike tiltak. Tiltaka er retta mot å auke andelen pasientar som møter til time ved poliklinikkane, og redusere arbeidet knytta til re-planlegging av timar på poliklinikk. Vi ventar at tiltaka og vil gje betre høve til planlegging av poliklinikkar, betre service til pasientane og tydeleg leiarskap i sjukehusa. Helse Vest RHF vil beskrive arbeidet med denne tiltakspakken i ei sak til styret i juni.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i mars 2013 var på 68 dagar (57 dagar for prioriterte og 90 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av mars 2013 var 77 dagar, fordelt på 55 dagar for prioriterte og 104 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 78 dagar ved utgongen av mars. For pasientar med prioritet var ventetida 56 dagar, og for pasientar utan prioritet 104 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i mars 2013, så var dei 57 dagar for prioriterte og 91 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 69 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 38 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 89 dagar ved utgangen av mars 2013. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 41 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i mars 2013 var 57 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 55 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 116 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 58 dagar ved utgangen av mars 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 41 dagar og 88 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne




For pasientar som starta behandlinga i mars 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 52 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 48 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 66 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



Oppdaterte ventetider på nettstaden fritt sjukehusval

Ein av dei indikatorane som blir rapportert til Helse- og omsorgsdepartementet og som det har vore fokus på i det siste, er prosentdelen ventetider på nettstaden fritt sjukehusval som har vore oppdatert dei seinaste fire vekene før rapporteringstidspunktet. Helse Vest har starta å samle inn månadlege tal for dette frå og med januar 2013. I figuren under er månadstal for 2013 kombinerte med dei punktmålingane som blei gjort per tertial tidlegare år. Som figuren viser har utviklinga vore positiv i heile perioden frå april 2010 og fram til no. Særleg høgt har ein låge dei tre første månadene av 2013. Den nasjonale målsettinga er at 100 % av ventetidene skal vere oppdaterte dei seinaste fire vekene.




Tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB)

For å kunne gjere ventelisterapporteringa komplett, har ein i denne verksemdrapporteringa og tatt med ventetidsutviklinga innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB). Då dei private avtalespesialistane utgjør ein stor del av tilbodet i helseregionen blir det nytta månadlege tal frå Helsedirektoratet, NPR i denne rapporteringa, då det regionale datavarehuset ikkje inneheld data frå dei private institusjonane.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan TSB var 99 dagar ved utgangen av mars 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 64 dagar og 219 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – TSB



For pasientar som starta behandlinga i mars 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 73 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 71 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 88 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – TSB



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2012-mar	680	3 %	743	7 %	1423	4 %	891	8 %
2012-apr	879	4 %	666	8 %	1545	5 %	1154	10 %
2012-mai	906	4 %	751	7 %	1657	5 %	1040	9 %
2012-jun	686	3 %	739	7 %	1425	4 %	793	7 %
2012-jul	953	4 %	357	6 %	1310	4 %	831	9 %
2012-aug	841	4 %	843	9 %	1684	5 %	1072	11 %
2012-sep	829	3 %	884	9 %	1713	5 %	1138	11 %
2012-okt	734	3 %	813	7 %	1547	4 %	973	9 %
2012-nov	530	2 %	683	6 %	1213	3 %	743	7 %
2012-des	589	2 %	457	5 %	1046	3 %	668	6 %
2013-jan	434	2 %	700	6 %	1134	3 %	762	7 %
2013-feb	379	1 %	459	5 %	838	2 %	561	5 %
2013-mar	434	2 %	408	5 %	842	2 %	603	5 %


I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak.

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpasientar og epikrisetid

Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorpassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk




Bruken av korridorpassar har historisk sett hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Den seinaste månaden peika utviklinga igjen rett veg innan somatikken, særleg i Helse Bergen og Helse Fonna, etter vekst i fleire føregåande månader. Helse Stavanger ligg framleis stabilt høgt i talet korridorpasientar, og både kirurgisk og medisinsk divisjon har utfordringar knytt til dette.

Dei seinaste månadene har det og vært ei markant auke i gjennomsnittleg tal korridorpasientar innan psykisk helsevern i Helse Stavanger HF. I Helse Stavanger HF har stenging av ein post grunna rekrutteringsproblem vore hovudbidragsytar til denne utviklinga. Det er forventa at desse utfordringane


vil fortsette fram mot sommaren. I Helse Bergen HF har det vore eit høgt belegg innan psykisk helsevern i 2013, men utviklinga i høve til korridorpatientar har vore positiv i februar og mars.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar. I mars 2013 var delen epikrisar utsendt innan fristen 77 % innan psykisk helsevern og 76 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern hadde tre helseføretak over 80 % og Helse Førde låg høgast med 85 %, medan Helse Stavanger ligg lågast. Helse Førde HF hadde den høgaste prosentdelen innan somatikken, Medan Helse Stavanger ligg lågast.

Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 15 månadene. Av helseføretaka har Helse Førde den høgaste delen epikrisar sendt innan 7 dagar både innan somatikken og psykisk helsevern, medan Helse Stavanger har den lågaste prosentdelen.



5. Økonomi


5.1 Resultat

	Mars			Hittil pr. Mars		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	1 468	799	669	3 696	2 369	1 327
Helse Bergen HF	26 567	12 731	13 835	48 509	41 152	7 357
Helse Fonna HF	-788	2 834	-3 622	104	8 502	-8 399
Helse Førde HF	-2 023	417	-2 440	-1 557	1 251	-2 808
Helse Stavanger HF	2 020	7 501	-5 481	-4 903	22 496	-27 399
Kjøp av helsestenester	36 462	27 388	9 074	97 489	75 454	22 036
Administrasjon morselskap	-542	-177	-365	950	-383	1 332
Helse Vest IKT AS	799	198	601	-83	259	-341
Til saman	63 962	51 691	12 271	144 205	151 101	-6 895

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i mars er kr 64 mill som er kr 12,3 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er etter tre månader kr 144,2 mill som er kr 6,9 mill lågare enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit resultat i mars på kr 2 mill som er kr 5,5 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er minus kr 4,9 mill som er kr 27,4 mill svakare enn budsjettet.

Samla ordinær ISF inntekt har eit negativt avvik på kr 7,2 mill som må sjåast i samanheng med nedgangen på aktivitetssida denne perioden. Hovudårsaka til at inntektsida samla gir eit positivt budsjettavvik skuldast eksternt finansierte prosjekt som har ei tilsvarande kostnadsida men som ikkje er budsjettet. Føretaket melder at kr 10,2 mill av lønnskostnadane inkl. innleige er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt budsjettavvik innan lønn på kr 21,6 mill. Hovudårsaka til avviket innan lønn knytter seg hovudsakeleg til auka bruk av overtid og innleige i forhold til budsjett.

Varekostnadane viser eit positivt avvik på kr 2,6 mill og ein må sjå dette i samanheng med lågare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 5,3 mill som hovudsakleg skuldast auka kostnader til energi, avsetning for tap på fordringar og auka IKT kostnader. Finansresultatet er kr 0,4 mill betre enn budsjettet.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i mars er minus kr 0,8 mill som er kr 3,6 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert gir dette eit resultat på kr 0,1 mill som er kr 8,4 mill svakare enn budsjettert.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 11,3 mill. Sum driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 20,1 mill og personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer eit negativt budsjettavvik på kr 21 mill. Det er kostnader til faste stillingar som bidreg mest til det negative avviket. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet er etter tre månader om lag som budsjettert medan andre driftskostnadar har eit negativt avvik på kr 0,7 mill knytt hovudsaklet til energi og brensel samt vedlikehald. Finansresultatet er kr 0,4 mill betre enn budsjettert.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

I mars er resultatet kr 26,6 mill som er kr 13,8 mill betre enn budsjettert. Etter tre månader er resultatet kr 48,5 mill som er kr 7,4 mill betre enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 32,7 mill medan driftskostnadane syner eit negativt budsjettavvik på kr 26,7 mill kor lønnskostnad og ekstern innleige utgjer kr 22,2 mill av avviket. Føretaket melder at dette er forhold som får særskilt fokus framover. Delar av avviket på varekostnad medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat, og medisinske forbruksvarer. Avviket kan setjast i samanheng med høg aktivitet og inntekt. Finanskostnadane er kr 1,3 mill betre enn budsjettert.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Føretaket har i februar eit resultat på minus kr 2 mill som er kr 2,4 lågare enn budsjettert. Akkumulert er resultatet minus kr 1,6 mill som er kr 2,8 mill svakare enn budsjettert.

Etter tre månader er inntektene kr 6,3 mill mindre enn budsjettert. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 1,8 mill. Bemanningskostnadane er kr 1,7 mill høgare enn budsjettert og det er eit meirforbruk på kr 1,7 mill knytt til varekostnader. Andre driftskostnader er om lag kr 1 mill lågare enn budsjettert og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 1,7 mill.

Kjøp av helsetenester

Resultatet i mars er kr 36,5 mill, som er kr 9,1 mill betre enn budsjettert. Akkumulert er resultatet 97,5 mill som er kr 22 mill betre enn budsjettert. Hovudårsaka til det positive avviket skuldast eit betre finansresultat enn budsjettert, lågare bruk av konsulentar, justert premie til Norsk pasientskadeerstatning samt eit positivt avvik knytt til lab/røntgen.

Administrasjonen

Akkumulert resultat er kr 1 mill som er kr 1,3 mill betre enn budsjettert.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i mars er kr 1,5 mill som er kr 0,7 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 3,7 mill som er kr 1,3 mill betre enn budsjettert.

Helse Vest IKT AS

I mars er resultatet kr 0,8 mill som er kr 0,6 mill betre enn budsjettert. Etter tre månader er resultatet minus kr 0,1 mill som er kr 0,3 mill svakare enn budsjettert.

Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	13 000	13 000	0
Helse Bergen HF	165 000	165 000	0
Helse Fonna HF	34 000	34 000	0
Helse Førde HF	5 000	5 000	0
Helse Stavanger HF	60 000	90 000	-30 000
Kjøp av helsetenester	30 000	0	30 000
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	308 000	308 000	0

Alle tall i heile tusen

Helse Stavanger justerer si prognose frå kr 90 mill til kr 60 mill i 2013. Føretaket arbeider for å oppnå budsjettbalanse dei resterande månadane i 2013.

Basert på erfaringar og resultatet pr mars er det rimeleg å anta at RHF-et vil få eit positivt budsjettavvik. Som ein foreløpig tilnærming er prognosen i RHF-et lagt inn med eit positivt avvik som svarar til den negative prognosen i Helse Stavanger. I tillegg er det budsjettert med ein reserve i RHF-et på kr 154 mill.

Omstilling

Helse Stavanger har etablert ei samla tiltakspakke på kr 44,6 mill. Pr mars er det realisert ei omstillings-effekt på kr 5,8 mill. Risikoen er vurdert til å være høgare og føretaket arbeider vidare med å utvide tiltakspakka.

Helse Fonna har eit risikobilete på i overkant av kr 50 mill. Omstillingstiltaka som skal dekke denne risikoen er tatt inn i budsjettet og skal ha størst effekt frå og med august.

For dei andre helseføretaka er risikoen vurdert å vere moderat og det er førebels ikkje vurdert som nødvendig å iversette rapportering på omstillingstiltak.

Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2013 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2013 i februarmøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til 1,7 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. mars samt estimat for året.

Investeringar 2013	Resten av			
	Mars	året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Bygg	171 033	806 644	977 676	975 350
MTU	58 850	231 975	290 825	295 825
IKT	30 489	195 923	226 412	226 400
Anna	11 259	200 341	211 600	211 600
SUM	271 630	1 434 883	1 706 513	1 709 175

Alle tall i heile tusen

Samla investeringar per mars er på kr 271,6 mill. Dette utgjør omlag 16 % av forventna investeringsnivå i 2013.

Helse Stavanger:

Investeringar 2013	Mars	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Stavanger:				
Stavanger DPS	6 756	114 092	120 848	93 200
BUPA	3 950	6 746	10 696	0
Ferdigstilling MOBA	7 024	7 403	14 427	20 000
Øvrig bygg	4 699	16 706	21 405	56 850
Sum bygg	22 429	144 947	167 376	170 050
MTU	6 273	121 252	127 525	127 525
IKT	12		12	
Anna	4 581	73 219	77 800	77 800
SUM Stavanger	33 295	339 418	372 713	375 375

Alle tall i heile tusen

Investeringar per mars utgjør om lag 9 % av estimert investeringsnivå for 2013. Estimaten for året er som budsjett.

Helse Fonna:

Investeringar 2013	Mars	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Fonna:				
Bygg	10 474	53 026	63 500	58 500
MTU	5 025	29 975	35 000	40 000
IKT	58	5 442	5 500	5 500
Anna	2 943	7 057	10 000	10 000
SUM Fonna	18 500	95 500	114 000	114 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per mars utgjør om lag 16 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for året ligg på same nivå som budsjettet.

Helse Bergen:

Investeringar 2013	Mars	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Bergen:				
Kronstad DPS	30 996	109 004	140 000	140 000
BUSP trinn I og II	19 851	220 149	240 000	240 000
Ombygging Sentralblokken	34 638	224 362	259 000	259 000
Øvrig bygg	43 000	0	43 000	43 000
Sum bygg	128 485	553 515	682 000	682 000
MTU	44 706	55 294	100 000	100 000
IKT				
Anna	3 561	94 939	98 500	98 500
SUM Bergen	176 752	703 748	880 500	880 500

Alle tall i heile tusen

Investeringar per mars utgjør om lag 20 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimater for året ligger som budsjettet.

Helse Førde:

Investeringar 2013	Mars	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Førde:				
Luftambulans/pre-hospitalt bygg		30 000	30 000	30 000
Øvrig bygg	9 644	25 156	34 800	34 800
Sum bygg	9 644	55 156	64 800	64 800
MTU	2 846	25 454	28 300	28 300
IKT	175	725	900	900
Anna	131	7 069	7 200	7 200
SUM Førde	12 796	88 404	101 200	101 200

Alle tall i hele tusen

Investeringar per mars utgjør om lag 13 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimater for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Sjukehusapoteka:

Investeringar 2013	Mars	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Sjukehusapoteka	43	18 057	18 100	18 100

Alle tall i hele tusen

Investeringar per mars utgjør om lag 0 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimater for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Helse Vest IKT:

Investeringar 2013	Mars	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Vest IKT	30 244	189 756	220 000	220 000

Alle tall i hele tusen

Investeringar per mars utgjør 16 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimater for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Likviditet

Netto likviditet ved utgangen av mars er på kr 872 mill. Grafen under viser forventet utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) gjennom året 2013.




Alle tall i heile millionar

Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,708 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar


Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Måltalet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per mars 2013 var det samla sjukefråværet på 7,5 % og sjukemeldt fråvær på 6,3 %.


Per mars 2013 var sjukemeldt fråværet på same nivå som mars 2012. For samla sjukemeldt fråvær er det noko lågare enn per mars 2012. Dette er ein god utvikling når det nasjonalt blir varsla auke i sjukefråværet.

60,3 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for mars 2013. 61,4 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for mars 2013.



Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein auke med 15 brutto månadsverk frå mars 2013 til april 2013 og ein auke med 30 netto månadsverk i same perioden samla for føretaksgruppa. Helse Bergen, Helse Stavanger og Helse Førde har hatt ein auke frå mars 2013 til april 2013, medan Helse Fonna har hatt ein nedgang. Når det gjeld bruk av brutto månadsverk så har det vore ein auke hos alle føretaka med unntak av Helse Fonna som har hatt ein nedgang.

Samanlikna med same periode i 2012 for føretaka samla, har det vore ein auke med 227 brutto månadsverk og 220 netto månadsverk.

Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Helseføretaka i Helse Vest	201204	201304	Endring 2012-2013	% endring frå 2012-2013	% endring frå 2011-2012
Merarbeid i kroner	101 525 095	104 993 083	3 467 988	3 %	3 %
Overtid i kroner	111 932 407	128 353 558	16 421 151	15 %	4 %
Merarbeid i timer	570 528	557 301	-13 227	-2 %	2 %
Overtid i timer	258 430	283 200	24 770	10 %	3 %
Brutto månadsverk	75 951	77 174	1 223	2 %	3 %

Samla for alle føretaka har det har vore ein nedgang i bruk av meirarbeid i kroner og timar frå mars 2013 til april 2013, men bruk av overtid er framleis høgt.

Helse Stavanger og Helse Bergen har hatt ein nedgang i bruk av meirarbeid og overtid i kroner og timar frå mars 2013 til april 2013.

Helse Fonna har hatt ein nedgang i bruk av meirarbeid i kroner og timar frå mars 2013 til april 2013. Når det gjeld bruk av overtid har det vore ein auke både i kroner og timar.

Helse Førde har hatt ein auke i bruk av variable timar frå mars 2013 til april 2013, men samstundes marginale endringar.

Samanlikna med same periode i 2012 har det vore ein auke i bruk av overtid og meirarbeid i kroner for alle føretaka, med unntak av Helse Stavanger som har hatt ein nedgang. Det har også vore ein auke hos alle føretaka i bruk av overtid i kroner og timar samanlikna med same periode i 2012. Bruk av meirarbeid i timar har gått ned i Helse Stavanger og Helse Bergen, men hatt ein auke i Helse Førde og Helse Fonna.


Når det gjeld brutto månadsverk samanlikna med førre år ser vi same utvikling som frå mars til april dette året.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Tal frå deltid blir presentert i styremøte.


Helse Stavanger

Sjukefråvær




59,8 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for mars 2013. 62,8 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for mars 2013.

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




57,6 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for mars 2013. 58,9 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for mars 2013.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




57,4 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for mars 2013. 57,2 % av einingane har eit sjukemeldt frávær under 4,5 % per mars 2013.

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




67,7 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for mars 2013. 68,5 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for mars 2013.

Månadsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




48,3 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for mars 2013.
55,2 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for mars 2013.

Månadsverk




Sjukefråvær



80,6 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for mars 2013.
80,6 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for mars 2013.

Månadsverk



7. Medieanalyse/omdømme

Medieanalyse

Medieanalysen viser korleis Helse Vest RHF og føretaksgruppa Helse Vest står fram i media, kor synleg ein er og om tendensen er positiv, negativ eller nøytral. Analysen inneheld også ein omdømmeindikator,

som viser kor mykje eller lite mediesakene potensielt verkar på omdømmet til spesialisthelsetenesta på Vestlandet.

Metode


Målet med analysen er å fange opp oppslag og identifisere gjennomslag for Helse Vest i mediedekninga. I vektinga av journalistisk tendens i sakene er fokus på framstillinga i medieomtalen, om denne er positiv, negativ eller nøytral. I tilfelle der media viser fleire sider av ei sak er hovudvekta lagt på dei elementa i saka som får størst fokus, og medieomtalen blir vurdert etter den viktigaste tendensen i saka. Målinga av rekkevidda til medieomtalen er basert på lesartal for avisene (Mediebedriftenes Landsforening). Rekkevidda til nettmedia er basert på eit gjennomsnitt av unike brukarar per veke eller per månad (TNS Gallup). Rapporten er utarbeida av Intermedium, som er klipptenesta spesialisthelsetenesta i Noreg brukar.

Medieanalyse 1. kvartal 2013

InterMedium har i perioden 1. januar til 31. mars 2013 fanga opp totalt 2243 oppslag som handlar om Helse Vest totalt, inkludert alle føretaka. Dette er ei auke på 7,5 prosent samanlikna med førre kvartal. 14 prosent av denne omtalen er positivt eller svakt positivt vinkla for Helse Vest, 21 prosent er negativt eller svakt negativt vinkla og 65 prosent er nøytralt vinkla.



Medieomtale over tid for Helse Vest

Antall oppslag per uke i 1. kvartal 2013



Medieomtale etter tendens - Helse Vest



Andel av oppslag i 1. kvartal 2013



Helse Vest RHF er i same perioden omtalt i 408 oppslag. Medieomtalen er dermed på same nivå som i førre kvartal (413 oppslag). 21 prosent av sakene i denne perioden er positivt eller svakt positivt vinkla for Helse Vest RHF. 20 prosent er negativt eller svakt negativt vinkla og 58 prosent er nøytralt vinkla. Andelen av negative saker er størst i januar, mens andelen av positive saker er størst i mars.

Medieomtale etter tendens - Helse Vest RHF

Andel av oppslag i 1.kvartal 2013



Rekordresultat genererer positiv omtale for Helse Vest RHF i mars

Den positive omtalen i mars skuldast først og fremst rekordresultatet til Helse Vest. Med 563 millionar i pluss er dette det beste året for Helse Vest nokon sinne. Saken er svært positivt vinkla for Helse Vest, og styreleiar Oddvard Nilsens fråsegn bidreg også til eit positiv inntrykk, når han seier at overskotet i sin heilhet vil gå tilbake til helseføretaket i form av investeringar og god drift. I fleire artiklar kjem det og fram at fristbrota er redusert, at ventetida er stabil og at aktiviteten ved sjukehusa stadig blir større. Dette er positive nyheiter når det gjeld kvaliteten på tenestene i helseføretaket.

Aksjon mot føretaksgrenser skaper negativ omtale for Helse Vest

At andelen av negativ og svak negativ omtale er høgast i januar skuldast blant anna ein pressekonferanse i regi av Sjukehusaksjonen Nordfjord, Folkeaksjonen for Volda sjukehus og leger som jobbar i området. Aksjonen går ut mot Helse Midt og Helse Vest og krev at grensene mellom føretaka

ikkje skal stå i vegen for den behandlinga som pasientane i Nordfjord ønsker ved sjukehuset i Volda. I medieomtalen som refererer til pressekonferansen er det i all hovudsak leiarane av aksjonen som kjem til orde. Dei ber blant anna Helse Midt og Helse Vest om å sørge for eit meir adekvat helsetilbod og hevdar at dette er det einaste etisk riktige. Fråsegnen bidreg til negativ omtale av Helse Vest.

Organisasjon og leiding mest omtalte tema



Organisasjon og leiding er det mest omtalte temaet i mediedekninga av Helse Vest RHF. Dette inkluderer også sjølve organiseringa av helseføretaket. Både rekordresultatet i mars og diskusjonane om føretaksgrensene mellom Nordfjord og Volda i januar fell inn under dette temaet.

Ein annan nyheit med relativt brei dekning er saka kor helseminister Jonas Gahr Støres ytrar ønske om kveldsopne sjukehus.

Temaet pasientbehandling får og noko omtale. Av større enkeltsakar får blant anna prøveprosjektet med den såkalla KOLS-kofferten fleire oppslag, og den er både nøytralt og svakt negativt vinkla for Helse Vest. I nokon saker er fokuset retta mot helseministeren sin innsats for prosjektet, i andre saker er det et større fokus på at Helse Vest rundar av prosjektet. Ein peiker på at årsaken til at prosjektet ikkje skal vidareførast er at det ikkje er ressursar til det. Omtalen er derfor stort sett svak negativ for Helse Vest. I mars kom nyheita om at KOLS-prosjektet likevel er redda. Dette gir positiv omtale av helseføretaket.

Medieomtale etter tema - Helse Vest RHF

Andel av totalt antall forekomster i 1. kvartal 2013



Positiv omtale i oppslag kor føretaket er sentral

Analysen viser at Helse Vest RHF har ein sentral plass i 13 prosent av den totale medieomtalen i 1. kvartal 2013. I ein like stor del av omtalen er føretaket middels omtalt og i 74 prosent er føretaket bare kort omtalt.

I den medieomtalen kor helseføretaket står mest sentralt er andelen av positiv omtale høg. Heile 60 prosent av den mest sentrale omtalen er positiv eller svakt positiv vinklet for Helse Vest RHF.


Resultat 1. kvartal 2013

Resultatet av analysen for kor synleg Helse Vest er i media blir presentert i form av ein indeks der +9 gir høgast mogleg positiv potensiell påverknad på omdømmet og -9 gir høgast mogleg negativ potensiell påverknad på omdømmet. Skalaen er endra sidan 4. kvartal 2013. Årsaka er at den førre skalaen (frå +6 til -6) ikkje ga eit heilt riktig bilde og at små oppslag difor kunne få større utslag enn dei burde.

Resultatet av forbetringane er at vi no har differensiert synlegheit meir basert på oppslaget sin størrelse. Gjennomslag i tekst vil difor gi høgare score, jo større oppslaget er. I praksis betyr justeringa at små oppslag no får relativt mindre synlegheit enn medium og store oppslag. Den journalistiske tendensen avgjer om synleggjinga er positiv eller negativ. Oppslag med ein indeks frå 0 til +3 eller 0 til -3 har relativt liten synleggjing, og dermed mindre potensiell omdømmeeffekt. Oppslag med ein indeks frå +4 til +6 eller -4 til -6 har stor synleggjing og dermed stor potensiell omdømmeeffekt. Oppslag med ein indeks frå +6 til +9 eller -6 til -9 har svært høg potensiell påverknad på omdømmet.


Synlegheitsindeksen viser at Helse Vest RHF er meir synleg i negative oppslag enn i positive oppslag i januar. I februar er derimot synlegheiten noko større i positive oppslag, men bare marginalt. I mars er synlegheiten i dei positive oppslaga større enn i dei negative.

Synlegheitsanalysen viser den reelle synlegheiten for Helse Vest RHF, og tar ikkje omsyn til journalistisk tendens og ein eventuell påverknad på omdømmet. Grafen viser her at sjølv synlegheiten for Helse Vest RHF er relativt stabil, samanlikna med dei føregåande kvartala, men likevel noko høgare i februar og mars enn i dei føregåande månadene.



Omdømmeindikatoren tar utgangspunkt i følgende variablar:

- Synlegheit i oppslaget – Treff i tittel, treff i ingress, foto og gjennomslag i oppslaget
- Størrelse på oppslag
- Plassering av oppslaget i mediet
- Størrelsen og potensielt publikum på mediet (lesartal og unike brukarar)
- Medietype (Nett, papir, eter)
- Journalistisk tendens



Totalindeksen for omdømmeindikatoren er positiv. Det betyr likevel ikkje at det ikkje kan være enkeltsaker som har positiv eller negativ potensiell omdømmedrivande effekt, for eksempel rekordresultatet til Helse Vest eller oppslag rundt aksjonen om føretaksgrensene. I den totale omtalen er likevel ikkje dette omdømmedrivande i perioden.